



Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2024/2097-1

Saksbehandlar: Bernt Dahl

Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
		Formannskap
		Kommunestyret

Redusert gebyr for vatn og avløp 2024-2026

Saksutgreiing

I samband med utbygginga av VA-traseen mellom Uppnose vassverk og Dønfoss, som er under bygging og planlagt ferdigstilt i april 2025, er det ønskjeleg å leggje til rette for at fleire innbyggjarar koplar seg til det kommunale vatn- og avløpsnettet. For å oppnå dette foreslår kommunedirektøren å redusere tilknytingsgebyra for heile kommunen i perioden 2024–2025.

Ei av utfordringane sjølvkostområdet har er for få abonnentar å fordele kostnader på, gjennom dette tiltaket håpar kommunedirektøren at fleire koplar seg på. Når det er normalforbruk er det kapasitet for fleire abonnentar.

Vatn og avløp er sjølvkostområder, og gebyra skal ikkje overstige dei reelle kostnadane knytt til utbygging og drift. Samstundes seier lovkrav at gebyra ikkje kan vere gratis. Dei skal også vere like innanfor kvart sjølvkostområde. Sidan heile Skjåk kommune er eitt sjølvkostområde er det ikkje tillatt å til dømes begrense gebyrreduksjonen til kun å gjelde området Dønfoss – Uppnose.

Dagens tilknytningsavgifter er på kr. 12 500,- inkl. mva vatn og kr. 12 500,- inkl. mva for avløp. Som eit tiltak for å auke talet på abonnentar foreslår kommunedirektøren at gebyra gebyra blir redusert til eit minimum på bustadar:

Vatn: Kr 1,-

Avløp: Kr 1,-

Reduksjonen blir gjort gjeldande frå 1. januar 2024 med tilbakeverkande kraft, slik at alle som har kopla seg til det kommunale nettet i 2024 blir inkluderte i ordninga.

Kommunedirektøren meina dette kun skal gjelde for boliger.

Miljømessige konsekvensar

Reduksjonen i tilknytingsgebyra vil auke interessa for å nytte kommunale løysingar. Dette har fleire miljømessige fordelar:

- Redusert risiko for forureining frå private avløpsløyser som ikkje oppfyller dagens krav.

- Sikrere tilgang til reint drikkevatt for husstandar langs traseen.
- Forbetra lokal vassforvaltning gjennom betre handtering av vatn og avløp.

Vurdering

Vatn og avløp som sjølkostområder inneber at kommunen ikkje kan krevje inn meir enn kva kostnadene for utbygging og drift tilseier. Samstundes har Skjåk kommune ei særleg utfordring med mange VA-installasjonar og eit avgrensa tal abonnentar. Reduksjonen i tilknytingsgebyra til eit minimum gjev fleire innbyggjarar moglegheit til å knyte seg til det kommunale nettet, og dermed fleire å fordele kostnadane på.

Ein abonnent som får redusert tilknytingsavgift på vatn og avløp vil dette bli innhenta inn på fastleddet å gå i balanse på ca. 2- 5 år alt etter korleis gebyrutviklinga blir på sjølvkostområda det gjeld. Samtidig så vil fleire abonnentar på vatn og avløp styrke sjølvkostområda.

Den økonomiske effekten av reduserte gebyr må følgjast opp, men forventast å bli avgrensa fordi gebyra på sikt vil bli kompensert av auka volum og fleire tilknytte abonnentar. Tiltaket er derfor vurdert som innanfor sjølvkostregelverket.

Kommunedirektøren si tilråding

Utvalet vedtek følgjande:

1. Skjåk kommune vedtek at tilknytingsgebyra for vatn og avløp blir redusert til kr 1,- for bustader i heile kommunen for perioden 2024–2025, med tilbakeverkande kraft frå 1. januar 2024.
2. Tabell 3 under Vatn og avløp i Kommunale gebyr, 2024 og 2025, endrast som følger:

Tilknytningsavgift		2025	2024	Noter
Tilknytningsavgift bustad vatn		1	1	3)
Tilknytningsavgift bustad avløp		1	1	3)
Tilknytningsavgift fritidsbustad vatn		12 500	12 500	3)
Tilknytningsavgift fritidsbustad avløp		12 500	12 500	3)
Tilknytningsavgift næring. Vatn.		12 500	12 500	3)
Tilknytningsavgift næring. Avløp.		12 500	12 500	3)

Note 3) Alle som blir tilknytt kommunalt vatn og avløp må betale tilknytningsavgift